



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

13.06.2023

Vår ref:

2023/8032

Dykkar dato:

«RefDato»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Hestad landskapsvernombord - melding om start av arbeidet med forvaltningsplan

Statsforvaltaren melder med dette oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Hestad landskapsvernombord.

Hestad landskapsvernombord vart oppretta ved kgl.res. 22.10.1971. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt for landskapsvernombordet.

Kva er ein forvaltningsplan?

Ein forvaltningsplan skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanar blir utarbeidde innanfor rammene i verneforskrift. Dei skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyremaktene. Ein forvaltningsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området på bakgrunn av verneforskrifta som gjeld i områda. Verneforskrift og grenser er såleis ikkje tema ved utarbeiding av forvaltningsplanar. Føremålet med opprettning av Hestad landskapsvernombord er omtalt slik i verneforskrifta: «*Føremålet er å vera det særmerkte i eit vakert naturlandskap som ramme om eit kulturminne.*»

Statsforvaltaren vil gjere sitt til at prosessen med forvaltningsplan for landskapsvernombordet skal vere ein open prosess med gode høve til å kome med innspel for alle som ønskjer det. Vi vil samarbeide med Sunnfjord kommune, grunneigarar, rettshavarar og organisasjonar gjennom prosessen. Det kan vere aktuelt å arrangere opne møte som ein del av høyringa av framlegg til forvaltningsplan.



Hestad landskapsvernombordet

Det er store allmenne interesser knytt til landskapsvernombordet, samstundes som det er store naturverdiar i området. Spesielt for Hestad landskapsvernombordet er Hestad kapell og kyrkjegarden, Fv 610 gjennom landskapsvernombordet med etablering av ein rastepllass i Nasjonal Turistveg sin regi, og mykje bruk av området særleg om sommaren på varme sommardagar med badeliv. Rett ved landskapsvernombordet i nord ligg Hestadgrend bedehus.

Kunnskapsgrunnlaget i landskapsvernombordet kunne vore betre med omsyn til naturmangfaldet, men er brukbart når det gjeld bruk og skjøtsel. Miljøfaglig Utredning vil gjere ei artskartlegging i landskapsvernombordet sommaren 2023 som vil bidra til betre kunnskap om naturmangfaldet.

Verneforskrift

Verneforskrifta for Hestad landskapsvernombordet er frå 1971. Nytt sidan opprettinga i 1971 er naturmangfaldlova frå 2009 med ein generell dispensasjonsheimel (§ 48 i naturmangfaldlova). Denne gjeld også for Hestad landskapsvernombordet, og gjev etter vårt syn både tilstrekkeleg vern og naudsynt fleksibilitet for å få til ei god forvaltning av Hestad landskapsvernombordet. Sjå vedlegg med verneforskrifta for Hestad landskapsvernombordet og § 48 i naturmangfaldlova.

Eigartilhøve og grenser for landskapsvernombordet

Eigartilhøva i landskapsvernombordet er som følgjar etter at Staten kjøpte den private grunnen i Hestad landskapsvernombordet i 1983:

- 150/10 (grunnen med Hestad kapell og kyrkjegarden): Sunnfjord kommune
- 104/6 (Fv 610): Sogn og Fjordane fylkeskommune (i databasen står det at eigar sin kontaktinstans er Statens vegvesen region vest, 6863 Leikanger)
- 150/18 (all grunn i landskapsvernombordet utanom Fv 610 (104/6) og Hestad kapell med kyrkjegarden 150/10), to teigar vest og aust for Fv 610: Staten v/ Klima- og miljøverndepartementet.

Vi gjer merksam på at det i digitale kart, som Fylkesatlas, er fleire feil med omsyn til gnr/bnr og grenser for landskapsvernombordet:

- Strandlinja i vest, dvs. vest for Fv 610, tilhører gnr/bnr 150/18 sjølv om det i kartbasen står 150/3. I 1983 kjøpte Staten all privat grunn (gnr/bnr 50/3 i Gauldalen kommune) i Hestad landskapsvernombordet, både aust og vest for Fv 610. Vi har i samarbeid med grunneigar på gnr/bnr 150/3 bede Sunnfjord kommune om at feilen i egedomsmatrikkelen vert retta opp.
- I digitale kartbasar ser det ut til at Hestadgrend bedehus (gnr/bnr 150/12, ferdigbygd i 1974) ligg inne i landskapsvernombordet. Det er ikkje rett; bedehuset grensar til landskapsvernombordet og ligg utanfor.
- Det er unøyaktig avgrensing av landskapsvernombordet i alle retningar, dvs. mot Hestadfjorden, Viksdalsvatnet og i nord og mot sør. Grunnen til dette er at kartet



som følgte kgl.res. i 1971 var lite nøyaktig, med avgrensing vist berre mot nord og mot sør, både stader som ei rett linje. Vi har lagt ved kartet frå kgl.res. i 1971, stempla Kommunaldepartementet 24. juni 1969.

Statsforvaltaren vil be Miljødirektoratet stadfeste dei nøyaktige grensene for Hestad landskapsvernombordet når Sunnfjord kommune har endra eigedomsmatrikkelen slik at han er korrekt. Då vil også dei rette grensene kome på plass i alle kartbasar.

Vidare framdrift

Innspel til denne oppstartmeldinga vil vi innarbeide så langt som mogleg i medhald av verneforskrifta. Vi vil så sende eit framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernombord på høyring, etter planen hausten 2023. Etter høyringa vil fråseigner til framlegget til forvaltningsplan bli innarbeidd så langt det let seg gjer i medhald av verneforskrifta, og forvaltningsplanen vil då kunne vere ferdig godkjend kring årsskiftet 2023/2024.

Vi ber om innspel til arbeidet med forvaltningsplanen innan 1.09.2023.

Innspel sendast til Statsforvaltaren i Vestland, sfvlpost@statsforvalteren.no. For meir informasjon kontakt prosjektmedarbeidar Tom Dybwad (tlf. 57 64 31 23, e-postadresse fmsftd@statsforvalteren.no).

Med helsing

Eline Orheim
Seksjonsleiar

Tom Dybwad
Prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Verneforskrift Hestad landskapsvernombord 22.10.1971 + naturmangfoldlov 48
- 2 Kart grunnlag for kgl res 22.10.1971 - datert Kommunaldep 1969

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

**Mottakerliste:**

INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
Hestagrend Bedehus v/Joar Årnes	Hestadfjordvegen 435	6973	SANDE I SUNNFJORD
SUNNFJORD BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113	6809	FØRDE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE FYLKESRÅDMANN	Postboks 7900	5020	BERGEN
SFE PRODUKSJON AS HOVEDKONTOR	c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
FJORDANE LOKALLAG AV FORTIDSMINNEFORENINGA SOGN OG FJORDANE	Øyragata 9	6887	LÆRDAL
STIFTELSEN WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
Fortidsminneforeningen v/Åshild Selsjesæter		6973	OSLO
VISIT DALSFJORD AS	Trossevegen 5	6963	DALE I SUNNFJORD
Gaular Bondelag v/ Margun Øren SGQN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113	6809	FØRDE
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Norsk institutt for naturforskning LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT OG INKLUDERING	Postboks 173	6801	FØRDE
Vestland Bondelag NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
FORTIDSMINNEFORENINGEN Gunnar Hestad	Dronningens gate 11 Viksdalsvegen 884	0152 6973	OSLO SANDE I SUNNFJORD
Hestadgrend grendalag v/ Ingunn Kjelstad		6973	SANDE I SUNNFJORD
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



Sunnfjord jeger- og sportsfiskarlag
v/ Thomas Grepstad

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
DNT SOGN OG FJORDANE AVDELING FØRDE	Langebruvegen 9	6800	FØRDE
UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK	Postboks 7803	5020	BERGEN
NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVDELING SOGN OG FJORDANE	v/Nils Christian Bjørgo Sandvik Gard	6926	KRAKHELLA
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
UNIVERSITETET I BERGEN UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN	Musépllassen 1	5020	BERGEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST ANLEGG	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens naturoppsyn v/ Liv Byrkjeland	Viksdalsvegen 690	6973	SANDE I SUNNFJORD
Per Kjelstad			
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD HOVEDKONTOR	Postboks 94	1378	NESBRU